

Sak 08

Arbeidsprogram 2024-2026

Arbeidsprogrammet fastslår organisasjonens målsettinger for kommende periode. Endringsforslag kan sendes inn frem til fristen fastsatt i forretningsorden for landsmøtet. Arbeidsprogrammet vedtas med alminnelig flertall.

Saken inneholder:

- **Landsstyrets forslag til arbeidsprogram for 2024-2026**
- **Dissenser fra landsstyret**



Landsmøte i Naturvernforbundet 2024

8.1 Landsstyrets forslag til arbeidsprogram for 2024-2026

Forslag til vedtak: Arbeidsprogrammet vedtas.



FORSLAG TIL

ARBEIDS PROGRAM 2024 – 2026

Arbeidsprogrammet fortel kva Naturvernforbundet skal prioritere i landsmøteperioden 2024–2026. Landsstyret er ansvarlege overfor landsmøtet for oppfølging av måla.

Arbeidsprogrammet skal gjere organisasjonen til ein effektiv samfunnsaktør som premissgjevar for politiske organ, arbeids-, og næringsliv. Det skal bidra til å styrke folkeleg støtte til vern av natur og rettferdige klimatiltak. Det er òg eit klart mål er at lokal- og fylkeslaga kan finne inspirasjon i arbeidsprogrammet. Slik skapar me samhald, og me styrkar gjennomslagskrafta vår. Arbeidsprogrammet følgjer prinsipprogrammet.

Naturvernforbundets formål

1. Naturvernforbundet vil arbeide for å verne naturen og sikre livsmiljøet slik at menneskelig virksomhet ikke overskridet tålegrenser i naturen.

2. Naturvernforbundet vil arbeide for et samfunn der menneskene lever i harmoni med naturen. Dette er et samfunn hvor livsgrunnlaget og livsmangfoldet er sikret for framtidige generasjoner, og hvor naturens egenverdi legges til grunn for arbeidet med å øke menneskers respekt for og kjærighet til liv og landskap.

Hovudmål og delmål

Arbeidsprogrammet inneholder 4 hovudmål, og meisler ut delmål innan kvart område. Dei to første hovudmåla dreier seg om korleis me møter natur- og klimakrisa. Det tredje hovudmålet handlar om å auke engasjement, kunnskap og oppslutning for sakene våre. Under det fjerde hovudmålet skisserer me delmål for ein sterk og brei organisasjon, i tråd med ambisjonar for Naturvernforbundet for 2030 vedteke på landsmøtet i 2022. Sekretariatet skal utarbeide strategiar for å nå måla.

33 Hovudsatsing 1: Stans naturtapet

34 Naturen med sitt rike mangfald er grunnlaget for alt liv på jorda. Naturen treng eit
35 langt sterkare vern mot nedbygging. For å stoppe og snu tapet av den uerstattelege
36 artsrikdomen og bremsa klimaendringane, treng me ein politikk som prioriterer
37 ein levedyktig natur og eit miljø i balanse.

38 Ei hovudprioritering for 2024–2026 er kampen mot arealøydelegging, til støtte for
39 Naturavtalen og FN sine berekraftsmål 14 og 15 om å ta vare på naturen til vanns og
40 på land. Noreg må fylgje opp dei internasjonale natur- og klimaforpliktingane sine,
41 og vere i rute med målet om 30 % representativt vern på land og til havs innan
42 2030. I tråd med FN sine målsettingar skal netto natur i Noreg auka gjennom
43 ivaretaking av natur, spesielt truga naturtypar, og restaurering av øydelagd natur.
44 Naturvernforbundet skal bidra til å stanse naturøydelegging frå energiutbygging
45 (t.d. vass- og vind- og solkraft), hogst, motorvegar, hyttebygging, gruvedrift,
46 forureinande oppdrett og anna arealkrevjande industri, samt fremje lågare forbruk.
47 Me skal løfte fram utfordringane som særleg sårbarer artar og naturtypar står
48 overfor. Naturvernforbundet skal støtte bevaring av naturgrunnlaget for samisk
49 kulturutøving.

50 Me har sju delmål for Naturvernforbundet sitt naturarbeid for perioden:

51 1.1 Naturen må få sterkare rettsvern

52 Naturvernforbundet skal jobbe for å styrke rettsvernet for naturen gjennom nye
53 prosessregler som, i tråd med Århuskonvensjonen, skal gjere at det ikkje lenger
54 vert uoverkommeleg dyrt å gå til retten for miljøet. Norske kommunar må innføre
55 naturbudsjett for å stanse naturtapet og restaurere natur i tråd med internasjonale
56 avtalar. Hovudprinsippet i arealforvaltinga må vere gjenbruk av tidlegare utbygde
57 areal. Statsforvalteren må få rett til motsegn i Statleg plan. Ved større
58 arealendringar må utbyggjar restaurere eit minst like stort areal av tilsvarande,
59 men forringa natur. Me vil jobbe for auka statleg finansiering av miljøkompetanse i
60 kommunane. Noreg må få fleire nasjonalparkar og verneområde, særleg langs
61 kysten. Skogen treng eit sterkare rettsvern, der næringa ikkje lenger får passe på
62 seg sjølv. Ansvaret for konsekvensutgreiing av eit tiltak skal må flyttast til eit



63 ansvarleg forvaltningsorgan, men utbyggjar må framleis ta utgiftene. Med
64 Fjordsøksmålet skal me sikre eit sterkare rettsvern for vannlevande organismar.

65 **1.2 Kommunane må setje i verk Naturavtalen med planvask**

66 Kommunane er viktige som demokratiske institusjonar, og dei har juridiske
67 fullmakter gjennom plan- og bygningslova og arealplanarbeid.
68 Naturvernforbundet vil gå i dialog med kommunane for å få gjennomført planvask,
69 skaffe oversyn over arealøydelegging og planleggje for restaurering av øydelagt
70 natur. All utbygging må følge strengare kriterium som hindrar nedbygging.
71 Miljørørsbla må få midlar til å bidra i planprosessar og mobilisere alternative forslag
72 og utgreningar som motekspertise mot pengesterke lobbyistar.

73 **1.3 Nasjonalt forbod mot nye hyttefelt**

74 Noreg har rundt 500 000 hytter og fritidsbygg, og dei siste åra har rundt 6000 nye
75 kome til kvart år. Nye hyttefelt truar sårbare artar og viktige naturtypar.
76 Naturvernforbundet krev eit nasjonalt forbod mot etablering av nye hyttefelt. I
77 staden må me bruke hyttene me har betre, mellom anna gjennom deleordningar.
78 Skattesystemet må belønne utleige av fritidsbustad.

79 **1.4 Stans i all motorvegbygging**

80 Vegbygging har skyld i 25% av arealøydelegging frå 1990. Motorveg er særleg
81 arealkrevjande, og auka transport fører med seg klimagassutslepp og
82 mikroplastforureining. Jo raskare fart ein byggjer for, jo større vert miljøproblema.
83 Difor vil Naturvernforbundet jobbe for at Noreg droppar 110-grensa og stansar
84 utbygginga av all ny firefelts motorveg. Staten skal prioritere gul stripe på
85 fylkesvegar og vedlikehald av eksisterande vegnett. Fylkeskommunane skal ikkje
86 lenger planleggje for auka transportkapasitet utan å utgreie alternativa, slik som
87 betre kollektivtilbod. All planlegging av vegbygging skal ta utgangspunkt i
88 firetrinnsmetodikken, der myndigheter ikkje vedtek veg i ny trasé utan å først
89 prøve å minimere transportbehovet, utnytje eksisterande infrastruktur og vurdere
90 mindre ombyggingar. Nullplussalternativ – utbetring av eksisterande
91 infrastruktur – skal ha prioritet.

92 **1.5 Stans i øydelegginga av hav og fjordar**

93 Noreg er eit av få land i verda som tillet gruve drift med fjorddeponi, og norske
94 fjordar er under stort press, mellom anna frå oppdrettsnæring, utslepp,
95 miljøgifter, overfiske og bunentråling. Stortinget må vedta stans i planlegging og
96 iverksetjing av dumping av gruveavfall i sjø. Norge må stanse opningsprosessen på

97 gruvedrift på havbotnen, og innføre eit langvarig moratorium som forbyr
98 utvinning av havbotsmineraler til me har tilstrekkeleg kunnskap om havmiljøet.
99 Staten må utarbeide ei samla oversikt over særleg verneverdige miljøverdiar i
100 norske havområde, sørge for meir forsking på konsekvensar av havvind for natur
101 og ikkje bygge ut anlegg for havvind før dette er på plass. All oppdrett må i lukka
102 anlegg, utan tap av natur. Inntil alle anlegg er lukka, må trafikklysmodellen for
103 oppdrettsnæringa bli strengare og føre til redusert drift.

104 **1.6 Stans i naturøydeleggjande kraftutbygging**

105 Energiutbygginga i Noreg har skjedd på tross av mangelfull naturkartlegging og
106 dårleg involvering av lokalbefolking, organisasjonar og naturbaserte næringar.
107 Naturvernforbundet vil løfte diskusjonen om prioritering av krafta me har, og
108 jobbe lokalt og nasjonalt for å stanse naturøydeleggjande kraftutbyggingsprosjekt,
109 hindre utbygging i verna vassdrag og presse på for at omsynet til naturen vektar
110 høgt i vilkårsrevisjoner for vasskraft. Naturvernforbundet vil arbeide for utstrekkt
111 utbygging av solkraft på offentlege bygg og industribygg, og for at ny fornybar
112 energi byggjast ut på ein måte som øydelegg minst mogleg natur. Me går òg inn for
113 naturvenleg modernisering av gamle vasskraftverk.

114 **1.7 Økologisk berekraftig forvaltning av skogane våre**

115 Ei betre forvaltning av skogane er det viktigaste enkeltiltaket i norsk
116 artsbevaring, sidan halvparten av dei raudlista artane lever i skogen.
117 Naturvernforbundet vil spreie skoggled og kunnskap slik at folk forstår verdien av
118 naturskogane vi har att. Det er eit viktig mål å få på plass eit offentleg regelverk for
119 skognæringa som sikrar eit økologisk berekraftig skogbruk for framtida.
120 Naturvernforbundet vil informere kommunane om muligheten for å innføre
121 meldeplikt for hogst og arbeide for å innføre søknadsplikt på sikt, noko som bidreg
122 til å bevare naturverdier og ivareta fleirbruksomsyn. Naturvernforbundet vil presse
123 på for at myndighetene set av meir pengar til skogvern økes og følgjer opp kampen
124 mot framande artar i skogen.
125

126

127 **Hovudsatsing 2: Kraftige, raske og rettferdig 128 klimakutt**

129 Klimakrisa er her. Klimaendringene gir allereie store skader på natur og samfunn i
130 heile verda – også i Noreg. Det krev raske, aktive og planmessige kutt i utslepp av
131 alle klimagassar, og vi må halde lovnadene våre etter Parisavtalen. I eit
132 tiårsperspektiv er det ti gongar så effektivt å kutte utslepp i 2025 som i 2035.
133 Naturvernforbundet vil bruke alle aktuelle høve til å krevje kutt i utslepp av
134 klimagassar i Noreg på minimum 3,4 millionar tonn CO₂-ekvivalenter kvart år. Ei
135 hovudprioritering for Naturvernforbundet i 2024–2026 er ei rettferdig grøn
136 omstilling av Noreg. Det krev at me aktivt forlater fossilalderen og senkar
137 forbruket av energi, areal og ressursar (i tråd med anbefalingane frå Klimautvalet
138 2050).


139 Me har fem delmål for Naturvernforbundet sitt klima- og forbruksarbeid for
140 perioden:

141 **2.1 Rettferdig omstilling vekk frå fossilt**

142 Folket må sjå at den grøne omstillinga er rettferdig. Me skal samarbeide med
143 fagrørla, industri, næringsliv og lokalsamfunn der olje- og gassbedrifter, samt
144 leverandørindustrien, er viktig. Rettferdig omstilling krev at det er enkelt for alle å
145 velje miljøvenlege løysingar. Me skal òg jobbe med fagrørla i Noreg for å sikre at
146 kompetanse frå oljenæringa blir overført til fossilfrie næringa. Me står solidarisk
147 med urfolk, sårbare grupper og framtidige generasjonar. Naturvernforbundet
148 ønskjer at Regjeringa vedtek ein statleg plan for Karbonavgift til fordeling (KAF) og
149 greier ut om eit todelt prissystem med overforbruk av straum kan kutte kostnader
150 samtidig som han stimulerer til straumsparing og investeringar i
151 straumsparingstiltak.

152 **2.2 Stans i nye tildelingar av olje- og gasslisensar på norsk 153 sokkel**

154 Saman med miljørørsle i inn- og utland skal me få gjennomslag for at Noreg sluttar
155 å leite etter ny olje og gass på norsk sokkel samt stanse utbygginga av nye felt, som
156 ein del av ei gradvis utfasing av norsk olje- og gassnæring. Det inneber ein slutt på
157 særlege skattefordeler for olje- og gassindustrien, og at at regjeringa stansar å dele
158 ut lisensar. Noreg forlét planane om å elektrifisere petroleumssektoren, fordi det



159 tvingar fram naturøydeleggjande kraftutbygging og er eit dårleg klimatiltak,
160 som mellom anna bidreg til å forlenge oljealderen.

161 **2.3 Lågare forbruk og gode berekraftige liv**

162 Noreg tar viktige skritt mot lågare forbruk av energi og ressursar, i eit samfunn
163 meir prega av sirkulær økonomi. Dette krev sterke krav om standardisering,
164 produktlevetid og moglegheiter for reparasjon. All industri må styre etter ein
165 nullvisjon for avfall. Naturvernforbundet vil presse på for at energieffektivisering
166 og energisparring får høgare prioritet og naudsynt statleg støtte. Skattesystemet
167 vert omforma så det i større grad bidreg til å auke gjenbruket og redusere og
168 avkarbonisere forbruket vårt. I staden for prognosar om vekst skal planlegginga av
169 infrastruktur legge til grunn at me skal redusere transportbehovet og flytte folk og
170 varer over frå fly, bil og trailer til buss, bane og sjø. Noreg må synleggjere
171 konsumbasert statistikk slik at dei reelle miljøkostnadane ved forbruket vårt kjem
172 fram.

173 **2.4 Ei tydeleg stemme mot grønvasking**

174 I ordskiftet om grøn omstilling skal Naturvernforbundet vere ei tydeleg stemme
175 som skil mellom naudsynte klimatiltak og grønvasking. Me kritisere aktørar som
176 nyttar klimaargument for å pynte på klima- og naturskadeleg verksemder. Vi tar til
177 orde for ei meir strategisk prioritering av kraft og areal.

178 **2.5 Sterk satsing på jernbane og kollektivtilbud**

179 Jernbane, bybaner og andre kollektivtilbud er høgt prioritert av
180 Naturvernforbundet. Me ynskjer ein plan for reduksjon av vedlikeholdsetterslepet,
181 elektrifisering, fleire kryssingsspor og opprusting av gamle traséer. Satsing på
182 elektriske busser må halde fram. Staten må seie nei til fleire rullebaner, og til
183 forureinande cruisebåtanløp i norske havner.

184

185 **Hovudsatsing 3: Folkerørsle for natur og miljø**

186 Naturvernforbundet har ein unik posisjon med mykje fagleg kunnskap og eldsjelar
187 over heile landet. Dei neste to åra vil me setje agenda og verte meir synlege, nå ut
188 breiare, og rekruttere fleire medlemmar og aktive. Me skal fremje løysingar i
189 klima- og natursaker, og sørge for at miljø er høgt på dagsordenen i stortingsvalet i
190 2025.

191 Me har fire delmål for perioden:

192 **3.1 Ei stor og brei rørsle**

193 Naturvernforbundet skal ha 55 000 medlemmer ved utgangen av 2026. Me skal nå
194 ut til nye grupper og rekruttere breiare, i tråd med måla for Naturvernforbundet
195 2030. Me skal bli ein meir mangfaldig organisasjon gjennom å vere til stades på
196 fleire arenaer og vise fram breidda i det friviljuge arbeidet i organisasjonen. Me
197 kommuniserer inkluderande slik at me appellerer breiare, og slik at fleire kjenner
198 at dei hører heime i Naturvernforbundet. Me styrkar allianser med andre
199 organisasjoner, fagrørsla og andre aktørar, og søker breidde i kven me
200 samarbeider med.

201 **3.2 Opplevingar som styrkar engasjement**

202 Me driv formidlingsarbeid gjennom eit mangfold av kurs, undervisningsopplegg,
203 turar og andre aktivitetar. Me skal vise fram formidlingsarbeidet heile
204 organisasjonen gjer, og gjere det lettare både for tillitsvalde og eksterne å nytta og
205 bygge på våre kurs, opplegg og materiell.

206 Me organiserer ryddeaksjonar, dugnader, skjøtsel av slåttemark, naturgledeturar,
207 nasjonale treff, marknadar for byte og ombruk av klede og andre gjenstandar, og
208 andre tiltak som fremjar gjenbruk og redusert forbruk. Enno fleire skal få oppleve
209 at dei sjølv kan bidra, og at engasjementet deira nyttar og har ein plass hos oss.

210 **3.3 Miljø høgt på dagsordenen i stortingsvalet**

211 Miljø skal vere den viktigaste sakana når folk går til stemmeurnene i stortingsvalet.
212 Gjennom ein kampanje som famnar både klima- og natursaker skal me vise folk
213 korleis stemma deira i stortingsvalet 2025 er avgjerande for framtida. Alle parti
214 skal kjenne presset frå ei samla miljørørsle, og me skal hjelpe veljarane å sjå kva
215 parti og kandidatar som prioriterer natur og klima.

216 **3.4 Me fremjar løysingar**

217 Naturvernforbundet skal vere ei tydeleg stemme og ein premissleverandør for
218 media og myndigheiter. Me skal framstå som ei truverdig fagleg kjelde, og jobbe
219 for å auke kunnskap og medvit om miljøspørsmål. Me skal vise fram dei

220 berekraftige løysingane i klima- og miljøspørsmål, både i politikken og i
221 kvardagen, og vise at dei viktigaste tiltaka inneber å senke og endre forbruket.

222 **Hovudsatsing 4: Sterk organisasjon over heile landet**

223 Naturvernforbundet sin største ressurs er våre tillitsvalde og aktive medlemmar.
224 Naturvernforbundet skal vere ei demokratisk folkerørsle for natur som set
225 dagsorden for politiske organ, samfunns-, arbeids- og næringsliv lokalt og
226 nasjonalt. Lokallaga er spydspissar for miljøpolitisk arbeid og lokal mobilisering og
227 bidreg til medlemsrekrytering over heile landet. Naturvernforbundet skal ha
228 lokallag som dekkjer alle kommunar der me har medlemmar. Fylkeslaga skal vere
229 den organisatoriske ryggraden i forbundet, som følgjer opp og startar nye lokallag,
230 i tillegg til å drive eige politisk arbeid. Naturvernforbundet skal vere eit sosialt
231 fellesskap som det gir glede og verdi å engasjere seg i.

232 Me har fire delmål for perioden:

233 **4.1 Fleire medlemmar skal få tilbod om å vere aktive**

234 Naturvernforbundet skal legge til rette for fysiske møteplassar for alle
235 organisasjonen sine medlemmar, i tillegg til anna medlemsretta tilbod.
236 Organisasjonen sine medlemmar skal få jamnleg informasjon om kva som skjer i
237 deira lokallag og fylkeslag.

238 **4.2 Sterkare representasjon og inkludering i styrande organ**

239 Naturvernforbundet skal arbeide for at tillitsvalde i styrande organ reflekterar
240 mangfaldet blant organisasjonens medlemmar. Alle nye tillitsvalde skal oppleve å
241 bli inkludert og føle seg velkomen i Naturvernforbundet. Alle tillitsvalde skal få
242 tilstrekkeleg oppfølging og opplæring frå fylkeslag og sekretariat. Samarbeidet
243 mellom Naturvernforbundet, Natur og Ungdom og Miljøagentene skal styrkast.

244 **4.3 Sterke lokallag som vinn kampsakene sine**

245 Naturvernforbundet skal sikre høgt fagleg kompetansenivå som heile
246 organisasjonen kan få nytte av. Lokallaga skal vere det primære kontaktpunktet for
247 medlemmane, og må ha ressursar og kompetanse. Det er eit mål å ha lokallag i/for
248 alle kommunar der me har medlemmar. Det skal arrangerast kurs og arrangement
249 for fagleg påfyll og erfaringsutveksling for medlemmar og lokale tillitsvalde.
250 Faglege nettverk for tillitsvalgte skal styrkast, og organisasjonen nyttar dei faglege
251 nasjonale utvalga godt i fagutviklinga. Lokallaga skal vere sosiale og trivelige
252 samlingspunkt for alle medlemmar. Naturvernforbundet sitt sekretariat bidreg
253 med tips og råd til lokal- og fylkeslag, og kan i særskilt store enkeltsaker yte ekstra
254 hjelp.

255 **4.4 Sterke fylkeslag som følgjer opp lokallaga**

256 Naturvernforbundet skal sikre at alle fylkeslag har kapasitet og ressursar til å følgje
257 opp og starte nye lokallag. Tillitsvalgte i fylkeslag skal ha dei riktige verktøya til å
258 gjere arbeidet sitt. Me har som mål at alle fylkeslag skal ha minst éin fast tilsett.
259 Driftstilskotsordninga for fylkeslag skal vidareførast, og fylkeslaga skal få støtte i å
260 styrke eigen økonomi. Alle fylkestilsette skal ha gode, inkluderande arbeidsmiljø,
261 med like arbeidsvilkår på tvers av fylkeslaga, og det skal vere treffpunkt mellom
262 desse og resten av sekretariatet.



8.2 Dissenser fra landsstyret

Dissens 1

Forslagsstiller: landstyrrepresentant Thomas Cottis, Naturvernforbundet Innlandet

Landsstyrets innstilling: Støttes ikke. Forslaget falt med 9 mot 10 stemmer

2.1 Rettferdig omstilling vekk frå fossilt:

Tillegg i linje 147, som ny siste setning i delmål 2.1

Naturvernforbundet skal køyre ein informasjonskampanje om dei mange moglegheitene for å kutte utslipp av klimagassar, og om alvoret i klimaendringene sine skader og risiko for framtidige skader, for natur og samfunn.

Dissens 2

Forslagsstiller: landsstyrrepresentant Magne Vågsland, Naturvernforbundet Trøndelag

Landsstyrets innstilling: Støttes ikke. Forslaget falt med 4 stemmer.

1.6 Stans i naturøydeleggjande kraftutbygging:

Stryke merket setning på linje 110-111:

Energiutbygginga i Noreg har skjedd på tross av mangefull naturkartlegging og därleg involvering av lokalbefolking, organisasjonar og naturbaserte næringar. Naturvernforbundet vil løfte diskusjonen om prioritering av krafta me har, og jobbe lokalt og nasjonalt for å stanse naturøydeleggjande kraftutbyggingsprosjekt, hindre utbygging i verna vassdrag og presse på for at omsynet til naturen vektar høgt i vilkårsrevisjoner for vasskraft. ~~Naturvernforbundet vil arbeide for utstrekkt utbygging av solkraft på offentlege bygg og industribygg, og for at ny fornybar energi byggjast ut på ein måte som øydelegg minst mogleg natur. Me går òg inn for naturvenleg modernisering av gamle vasskraftverk.~~

Dissens 3

Forslagsstiller: Landsstyrrepresentant Dag Røssum Johansen, Naturvernforbundet Nordland

Landsstyrets innstilling: støttes ikke. Forslaget falt med 9 mot 10 stemmer.

1.6 Stans i naturøydeleggjande kraftutbygging

Endre siste to setningar, linje 110-113, i delmål 1.6

Endre fra:

Naturvernforbundet vil arbeide for utstrekkt utbygging av solkraft på offentlege bygg og industribygg, og for at ny fornybar energi byggjast ut på ein måte som øydelegg minst mogleg natur. Me går òg inn for naturvenleg modernisering av gamle vasskraftverk.

Endre til:

Naturvernforbundet vil først og fremst arbeide for redusert energiforbruk og imot utbygging av ny kraft. Me går også inn for naturvenleg modernisering av gamle vasskraftverk og solcelleanlegg på bygningar.

Dissens 4

Forslagsstiller: Landsstyrrepresentant Dag Røssum Johansen, Naturvernforbundet Nordland

Landsstyrets innstilling: Støttes ikke. Forslaget falt med 5 stemmer.

2.1 Rettferdig omstilling vekk frå fossilt

Endring i første setning, linje 140, i delmål 2.1:

Endre fra:

Folket må sjå at den grøne omstillinga er rettferdig.

Endre til:

Den grøne omstillinga må framstå rettferdig for folket slik at dei med lite forbruk, klimagassutslepp og naturavtrykk ikkje blir ramma.